

Styremøte SFSG 18.12.17 Quality Sogndal hotell

Til stades: Ragnhild Sæle, Jo Risløv, Odd-Jarle Øvreås, Thomas Manseth Bjørhovde, Jostein Flatland og Solgun Haugen

Sak 56/17. Arrangement/møter styremedlemma har delteke på sidan forrige styremøte

Jo: Fagdag geit, møte Vik og Fresvik ang samanslåing

Solgun: Ingenting

Ragnhild: Drøftingsmøte med SFB i Førde

Odd-Jarle: Drøftingsmøte med SFB i Førde

Thomas: Uttalegruppa jordbrukstingingane

Jostein: Uttalegruppa jordbrukstingingane

Sak 57/17. Oppdatert rekneskap

Styret i SFSG tok rekneskapet til etterretning.

Sak 58/17. Nytt frå dei ulike gruppene

Avlsutvalet for sau

- Ingenting nytt

Gjetarhundnemnda

- FM i Stryn i oktober, 1 som stilte frå Sogn (Kurt Magne), gjekk ikkje so bra i NM so nedatt i ein ekvipasje. Halvor Tenden vann FM.

Geitegruppa

- Fagdag geit, sendt brev til styret i Tine ang kvalitetsregelverket og ny analysemetode for bakterietal, geitehelg 2018 Skei 23-25.11.18, kåra beste geit 2017.

Sak 59/17. Oppsummering av leiarsamlinga 2017 – tilbakemelding på brev til dei som ikkje møtte.

Kva gjer vi vidare?

Det vart sendt e-post til alle lokallag som ikkje var representert på leiarsamlinga den 27-28.10.17 dvs totalt 28 lokallag. Svarfrist vart sett til 20.november. Pr i dag er har det kome svar frå 4 lokallag (Viksdalen, Flekke, Førde, Luster).

Solgun orienterte om svara som var kome inn.

Kva framover

- Invitera til samling for tillitsvalde og invitera fleire frå kvart lag.
- Sjå når får inn årsrapportane - ta tak i/følgja opp dei me ikkje får i frå.
- Ringa eller reisa rundt på årsmøta
- Purra dei som ikkje har levert årsrapport innan 15.februar - ringa dei som ikkje har levert
- Solgun sender ut purring rundt 10.februar etter årsrapport/rekneskap
- Endra namn til samling for tillitsvalde

Postadresse:

Ragnhild Sæle

Stranda 57

6847 VASSENDEN

Tlf. 416 33 342

E-post: ragnhild.saele@enivest.net

Bankgiro:

3703 20 15213

Orgnr.

971 115 599

Sak 60/17. Oppsummering av «Fagdag geit»

Jo orienterte frå «Fagdag geit» som vart arrangert på Thon hotell Jølster 18.11.17. Bra oppmøte og folk var godt fornøgd. 40 personar inkl arrangør og føredragshaldarar. Hovudsakeleg frå Sogn og Fjordane, nokon frå Møre og Romsdal og Hallingdal.

Tema; No fence, jurhelse/baktocant/celletal, geitekontrollen på nett

Sak 61/17. Årsmelding 2017 – fordeling av oppgåver

Fordelte ansvarsområdet for årsmeldinga på dei ulike styremedlemmane.

Valnemnda i SFSG har fått brev/e-post 11.desember.

Sak 62/17. Årsmøte 2018 – Program dag 2 (fagdag)

Vil folk ha uttale på noko må det sendast inn til styret innan 20.februar, ferdig skrive til møte. Det vert lagt fram på årsmøte som eigi sak.

Tidsplanen for årsmøtedagen fredag vert; Årsmøte kl 11.30 – 16, kl 16.00 – 18.00 Fagtema, middag kl 19.00

Tema for fagdagen laurdag vert; Lokallaget sin time, bruk av Altinn til å endra styresamansetjing og fagtema ull.

Sak 63/17. Innspel til jordbrukstingingane

Uttale/forslag frå gruppa er sendt ut til alle lokallag på høyring/før innspel.

Gruppa bearbeidar og lagar til utkast til innspel frå SFSG som vert sendt utatt til lokallaga.

Uttale frå SFSG må vera inne til NSG før styremøte i februar. Frist NSG 20.januar men SFSG har fått utsett frist til 1.februar.

Nytt møte i gruppa tysdag 19.desember.

Sak 64/17. Status gamle saker (Apotekavtale, organisasjonsnummer, namn)

Apotekavtalen

- Ikkje skjedd noko meir. Odd Jarle skulle få info frå Hordaland – etterlyser.

Organisasjonsnummer/Namn

- 28 treff Brreg inkl SFSG, Stryn x 2, 1 privat person.
- Jobbar vidare med det

Postadresse:

Ragnhild Sæle

Stranda 57

6847 VASSENDEN

Tlf. 416 33 342

E-post: ragnhild.saele@enivest.net

Bankgiro:

3703 20 15213

Orgnr.

971 115 599

Sak 65/17. Fagtur 2018

Fått programforslag 30.juli – 2.aug. Dette vert sendt ut til lokallaga saman med kommande medlemsinfo.

Sak 66/17. Ymse

a) Brev frå FMLA v. Hermund Mjelstad ang overføring av FKT-midlar til SFSG

Ragnhild hadde fått brev/tlf frå Hermund Mjelstad om at det står mykje av FKT-midlane i år pga lite søknadar til rovdyr. Dei vil overføra kr 80 000,- til SFSG som skal brukast til konfliktdempande og førebyggjande tiltak. Radiobjøller og andre konfliktdempande tiltak. Bruk av midlar rapportert innan 1.9.2018 (innvilga eller utbetalt). Via lokallag eller enkeltmedlemmar.

Info i medlemsskrivet, søknad innan 1.februar.
Info heimesida og e-post lokallaga.

b) Medlemsverving

Få tak i medlemsblad levera ut på småfesamlinga i januar. Må jobba aktivt for å få fleire medlemmar. Ragnhild kontaktar NSG om å få nokon blad til å dela ut.

c) Beredskapsplanar ang rovvilt

Fokus på dette på landsbasis.

Få til ein plan saman med Fylkesfellingslaget. Finn Olav Myhren er fellingsleiar i Fylkesfellingslaget. Ragnhild tek kontakt med Finn Olav.

d) Endringar lokallag

Feios sau og geit

Feios Sau og Geit er lagt ned. Dei 5 medlemmane blir overførde til Vik. Jo melder i frå til NSG.

Guddalen

Guddalen Sau og Geit er lagt ned. Laget har 3 medlemmar som blir overførde til Fjorden og Dale. Jo har meldt i frå til NSG.

e) Innspel lover

Fått 2 svar. Frist lokallag 20.desember. SFSG frist 15.januar.

Referent; Solgun Haugen

Postadresse:

Ragnhild Sæle

Stranda 57

6847 VASSENDEN

Tlf. 416 33 342

E-post: ragnhild.saele@enivest.net

Bankgiro:

3703 20 15213

Orgnr.

971 115 599